


Menighetsbladet



Tustna



Aure




Stemshaug

Nr 2 2020 45. årgang



Den gamle altartavla i Aure kyrkje



Andakten


av Miriam Finset Ingvaldsen

Gå inn i din tid. Nordahl Grieg skreiv det, i songen «Til ungdommen». Grieg, som var antinazist og motstandsmann, visste kva det ville seie å gå inn i si eiga tid – stå opp for det han trudde på. Då eg var yngre tenkte eg innimellom på at det var jo ikkje noko problem å gå inn på rett side under den 2. verdskrigen. Den gongen var det jo ein tydeleg fiende, og ein tydeleg helt. I dag, derimot, er jo alt berre kaos. Så veks ein jo til og forstår at det er lett å forenkle historia, gjere ho svart/kvit. Det er lett å tru at det var lettare før enn no, men verda har til ei kvar tid vore kaos, det krev styrke å gå inn i si tid og ta eit standpunkt uansett kva for ei tid ein lever i. Det er eit val vi gjer.

Derfor er det lett å kjenne på at nett no er det vanskeleg å navigere i alt som rører seg i vår eiga tid, med pandemi, rasisme, eit stadig større skilje mellom rik og fattig,

klimaendringane. Det er vanskeleg å ta stilling til iskantar, vindmøller, klimapolitikk, krig og naturøydeleggjingar, i alle høve når det påverkar oss sjølv og våre liv. Aller helst vil vi jo at det skal vere ganske likt som det har vore, vi som bur her i Noreg. Då er det lett å gøyme seg unna og ikkje ta så tydeleg stilling, det synest i alle høve eg er det mest behagelege.

Her om dagen såg eg filmen *The Two Popes*. Ein film laust basert på historia om pave Benedikt XVI – som gjekk av som pave i 2013, og pave Frans I – som tok over tittelen, og som framleis er den sitjande på st. Peters stol. Filmen er spennande og fin, og eg blei såpass nyfiken på pave Frans I at eg måtte lese meir om han og kva tankar han har. Og det må eg seie, pave Frans I er ein fin fyr. Men nettopp fordi han tek tydelege standpunkt om klima, flyktningar og klasseskilnader er han ei



mann som mange mislikar, og han utfordrar oss når han seier dette om urettferda i verda: «Når ingen kjenner skuld, då har vi alle skuld».

Gud skapte oss i sitt bilde, vi er alle ein del av skaparverket. Mot urettferd og urett krev det at vi ikkje stiller oss passive, at vi ventar til alt går over, men at vi vågar å møte det.

Her er ikke jøde eller grekar, her er ikke slave eller fri, her er ikke mann og kvinne. De er alle éin i Kristus Jesus.

Gal 3:28

Bispevisitas i november

Biskop Ingeborg Midttømme med følgje kjem på visitas i Aure 3.-5. november og 8. november.



Kva er ein visitas?

Når biskopen besøkjer eit sokn i bispedømet sitt, er han/ho på visitas.

Ein visitas varer som regel frå 3 til 6 dagar. Det skal haldast visitas minst kvart 8. år. Sist det var visitas i Aure var 29. til 31. mai og 3. juni 2012.

Biskopen skal ha tilsyn med at presten utfører embetet sitt etter lov og regel.

Han/ho skal orientere seg om det åndelegelivet i kyrkjelyden, den kristelege oppsedinga og dei sosiale og moralske forholda.

Gjennom møte med dei tilsette og med sokneråda prøver ein å finne ut kva som fungerer bra og kva som kan gjerast betre i det kyrkelege arbeidet. Biskopen møter òg dei som driv frivillig kris-

tent arbeid. Ein visitas skal vere til inspirasjon for alle i soknet. Biskopen tek del i gudstjenester og kan besøkje barnehagar, skolar og institusjonar.

Møte med representantar for kommunen er også ein del av visitasen. Det er òg vanleg at biskopen gjer seg kjend med arbeidslivet i soknet, til dømes ved å besøkje bedrifter.

Visitasen blir avslutta søndag 8. november med ei stor visitasgudsteneste, og visitasmøte der alle kan vere med!

Program for desse dagane vil bli presentert i neste nummer av dette bladet.

Kyrkjeverja

Trosopplæringa

I disse smittetider har vi ikke hatt noen samlinger for barn/ungdom og har fått en generell anbefaling om å vente til september. Derfor blir det ikke Bu heime leir i august. Vi regner med å starte opp igjen med babysang og også en tilsvarende gruppe for de mellom 1 og 3 år som er blitt for «store» for babysang. Vi vet ikke ennå om vi kan ha samlingene på sjukeheimen eller om vi må ha de første samlingene på misjonshuset, men det får vi komme tilbake til. Det er også planer om å ha babysang på sjukeheimen på Gullstein og det kan bli aktuelt hvis det er stor nok interesse.

Utdeling av bibler til 5-klassinger ble avbrutt av coronatiltak og blir tatt opp igjen på gudstjenestene i høst. Tårnagentsamling kan også bli aktuelt i høst. Ellers så antar vi at samlinger i høst, kirkebok, Hallovenn og Lys vaken, vil gå som planlagt når den tid kommer.

Hilsen Stig Ottar Jensen

Videokirken

Da gudstjenestene ble avlyst etter koronakrisen, tok det ikke lang tid før noen begynte å legge ut møter og gudstjenester på nett. Vi på kirkekontoret kjøpte inn et kamera og mikrofon for å selge inn gudstjenester fra kirkene våre.

Opptakene ble vanligvis gjort til forskjellig tidspunkt, slik at preken kunne være innspilt en annen dag enn salmene. De innspilte gudstjenestene ligger på youtube.com under min konto, stigottar. Der blir de inntil videre. Det er mulig at flere gudstjenester og samlinger blir filmet og lagt ut, selv etter koronatiden.

www.youtube.com/stigottar

Stig Ottar Jensen, regissør, kamera- og lydmann



Min salme - Deg være ære

I dag fikk jeg, Britt Nilsen, gammellæreren min, Reidar Lie til å dele Min salme. Han sier det er mange salmer han er glad i.

- Dette kom litt fort på meg, men tenker mange ganger at «Deg være ære er fin». I dag vil jeg dele denne salmen med dere. God å synge er den også. Jeg er glad Jesus vant over døden, og har lovet oss et evig liv. Derfor har jeg ikke noe å frykte, sier Reidar Lie.

Deg være ære

Melodi: George Frideric Händel

Originaltekst: Edmond L. Budry


Til norsk: Arne Fjelberg

*Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.
Lyset fyller haven,
se, en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!*

Omkved:

*Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.*

*Se, Herren lever!
Salig morgenstund!
Mørkets makter bever.
Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger:
Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger,
Kristus Herre er!*



*Frykt ikke mere!
Evig er han med.
Troens øye ser det:
Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære,
seier er hans vei,
evig skal han regjere,
aldri frykter jeg.*

Konfirmantsamling ved Stemshaug kirke

Tekst: Konfirmantlærer Stig Ottar Jensen

Foto: Hanne Marit Dyrnes

Det er ikke så vanlig at konfirmantarbeidet strekker seg ut i juni, men dette året har vært spesielt. Vi tenkte at det ville være fint med en samling før sommerferien for å holde kontakten. Samlingen var 4. juni. Været var så fint at samlingen var utendørs. Per Eilert var liturg og jeg snakket om saligprisningene i Matteus 5. Alexey satt på kirketrappen og spilte salmene på el-orgel. Etterpå hadde vi pølser og konkurranser. På bildet er det en quiz som besvares.

Selv konfirmasjonene blir 30.8 Gullstein, 5.9 og 6.9 Aure og 13.9 Stemshaug.

Onsdag 10.6 var det informasjonsmøte for neste års konfirmanter. Dere vil høre mer om dem senere.





HJELPESENDING - ESTLANDSTUR - SOMMERUTLODNING

Hjelpesending

I år skulle den 17. hjelpesendingsturen til Estland gå 22. august. Med trailer full av klær, sko og annet utstyr. På grunn av koronasituasjonen så har vi i første omgang utsatt turen til 12. september.

Dette året blir denne turen bare med buss, og eventuelt bare litt hjelpesending. På grunn av situasjonen som har vært blir det ikke innsamling. Det er fordi vi ikke har lagringsplass frem til neste år, om det ikke blir tur i år.

Estlandstur

Om noen har varme vinterklær, ytterjakker, vintersko (spesielt til barn/ungdom) så ta gjerne kontakt med meg Brit på telefon 481 88 780. Det er mange fattige, og flere arbeidsledige i Narva. Menigheten, ved pastor Vladimir, deler ut mat til de som

trenger det, og de har også faste dager i uka det blir servert varm mat til de som lever på gata. Menigheten har også slitt med økonomien da det ikke har vært nye penger inn.

Estland har åpnet, og det går som før. Restriksjoner angående korona er opphevet, men enda går ikke båten fra Stockholm til Tallin. Dette på grunn av situasjonen i Sverige. Dette åpner i midten av august.

Hotellet i Toila går som normalt, og alt er åpent. Hotellet følger de anbefalte smittevernreglene, og er nøyne med å desinfisere alt som vi berører til enhver tid. Det er alt noen påmeldte, men plass til flere. Ta kontakt med Aure Reiseservice om noen har lyst å bli med.

Sommerutlodning.

I år som før, prøver vi oss med sommerut-



lodning. Håper dere tar godt imot oss, der vi sitter på butikker eller kommer på dørene. Alt vi får inn av penger går til å hjelpe spesielt barnefamilier i Narva. Behovet for penger er stor.

VI KAN IKKJE GJØRE STORE TING. MEN SMÅ TING MED STOR KJÆRLIGHET.
(Mor Teresa)

Diakoniutvalet ved Brit Nilsen

Fagdag og sommartur – nettverksbygging med Smøla kyrkjeliege fellesråd

Tekst og foto: Judy Rangnes

Den 4. juni hadde dei tilsette ved kyrkjekontoret fagdag og sommartur til Smøla. Det vart ein fin dag, med fagleg nettverksbygging med dei tilsette i Smøla kyrkjeliege fellesråd. Tema var kyrkjhistorie og salmar.

Etter å ha tatt ferga til Edøy, fekk vi oppleve lite kjente salmar, andakt og arkeologisk omvising i og rundt Edøy gamle kyrkle. Der har dei brukt georadar og funnet spor etter eit stort vikingskip under enga



ved kyrkja.

Kulisteinen, Norges dåpsattest, var neste stopp. På steinen står følgjande beskjed med runer: «Denne Stein blei reist av Tore og Halvard etter Ulf...12 vintrar hadde kristendommen vori i Noriki». Kun nokre få av oss hadde sett denne kopien av steinen før.



Neste stopp var Rosvoll prestegard, med tur til eit av Smølas høgaste punkt, Rosvollhaugen. Vi var framme etter 10 minutt gange, men utsikta var super. Der oppe er det ein gapahuk med lånekikkert.


Fagpraten gjekk ivrig for seg oss i mellom, med prestevikar Leif Ole Torske



Husfest som samlingsleiar. Vi lærte mykje, ikkje minst om dei sju kyrkjene på Smøla og i Aure, og om sjeldne salmar. Etter lunsj lærte vi meir om områdets terren og folkelege fortellingar, då vi gjekk til den frykta Johannes Blanck si hole. Han stal sòlv og tryggleik mange plassar i Noreg, ikkje minst på Smøla. Det var på 1700-talet.

Dagen vart avslutta i Gurisentrets amfi med historisk informasjon ved Per Halse, ein levande leksikon når det gjeld lokalhistorie, ikkje minst kyrkjhistorie.

Alle var einige om at det hadde vore ein fin og lærerikt dag.



Slåttekar på kyrkjegarden

Tekst og bilete: Miriam Finset Ingvaldsen

Ruskevêret og vinteren som sat i til over 17. mai er nesten gløymt medan vi sit på ein benk på kyrkjegarden i Aure, med sola steikande i nakken ein junimorgen.

Måsane skrik i fjøra, dei har vel sine å sjå til. Mellom gravsteinane går nokre kvinner og menn. Dei steller gravene, fyller vatn i vasskannene, vatnar blomar i sommarvarmen. Toralf Bakken har den siste tida vore ein kjent kar på kyrkjegardane i kommunen. Etter å ha banka på døra til kyrjekontoret og spurt pent om han kunne hjelpe til med å klippe graset, så har han nærmast vore ein eigen slåttekar: For det er mykje gras å klippe på ein kyrkjegard, og mange, lange timer med klipparen.

- Eg gjer det med glede, og tek ikkje så mykje i betaling heller. Ein kopp kaffi held lenge, seier Toralf.

Toralf blei født i 1956, og vaks opp på gard i Rønsvika på Skarsøya saman med foreldra og tre brør. No bur han i huset far hans bygde i si tid, ikkje så langt frå barnomsheimen.

- Eg soknar jo til Stemshaug kyrkje, men blei døypt i Aure kyrkja, men det var rett og slett ein feil. Vi var eigentleg fire dåpsbarn i Stemshaug kyrkje, men presten den gongen gløymde at det var gudsteneste og kom aldri. Ein kan jo sjå for seg stemninga på kyrkjebakken hos alle i dei fire dåpsfølgja som hadde stelt i stand til fest, og så blei det ingen fest. Men, vi blei då døypt eit par veker seinare, i Aure kyrkja, og sånn var det, fortel Toralf.

I oppveksten arbeidde Toralf mykje på heimgarden. Som ungdom gjekk han eit år



Ein kaffeprat med Toralf Bakken på kyrkjegarden i Aure ein varm junimorgen.

på Høgtun folkehøgskule før vegen gjekk vidare til Gjermundnes og landbruksutdanninga der i 1973–74. I 1983 var Toralf i Libanon som soldat i Den norske FN-styrken. Året etter blei det gartnarutdanninga på Staup i Levanger, og vidare fleire år som avløysar i Oppdal, før han vendte nasen heimover til Aure. Med åra har det dessutan blitt tre barn og to barnebarn.

Toralf finn mykje glede i kroppsarbeid, er ein hendt kar og stiller med glede og iver opp på dugnader i bygda. Og driv han ikkje med noko praktisk arbeid, så er han gjerne å finne på tur i skogen og på fjellet – for best er det i opne landskap. Med åra har det også vore viktig å halde kroppen i gong for helsa si skuld.

Kvelden før praten vår på kyrkjegarden, hadde han dessutan heile koret han syng i – Aure songlag – på sommaravslut-

ning. - Det var mykje å stelle i stand, men veldig triveleg, fortel Toralf.

Toralf fortel at han har barnetrua si, og at han gjennom livet har hatt og framleis har eit sterkt og godt forhold til kyrkja – det er ein fin stad å vere, og i 20 år har han også vore med i soknerådet. Toralf er mest glad i dei gamle, kjente salmane og songane, dei har dei finaste melodiane.


- Favorittsalmen mi er «Hvilken venn vi har i Jesus». Han er så enkel i forma, men likevel så flott, seier han.

Toralf fortel også om bestefar sin som omkom berre 37 år gammal, på havet utanfor Lofoten. Familien fekk aldri ei grav å gå til.


- Då er det fint å vere her på kyrkjegarden og gjere ein jobb for at det skal sjå fint ut, for dei som har ei grav å gå til, seier Toralf, før han tar ein ny runde med klipparen.



Toralf er ein arbeidskar av dei sjeldne, og finn glede i å hjelpe til både for kyrkja og elles på dugnader i bygda.



Ein retteleg friluftskar. På høgda Vættahøia på Skarsøya er det vanskeleg å halde tritt med Toralf i talet på turar opp.



Alterskapet til Oslo


Tekst og foto: Judith S. Bjørk


I november 2019 fekk vi besøk frå Riksantikvaren og Norsk Institutt for Kulturminneforskning (NIKU). Dei ville sjå på inventar og kyrkjekunst i Aure kyrkje. Formålet med turen var å få ei kartlegging av tilstanden til kyrkjekunsten, og vi fekk etterpå tilsendt ein god rapport på inventar og kunst i Aure kyrkje. Dei fekk spesiell interesse for det gamle, katolske alterskapet vårt frå sein mellomalder (ca. 1460.)

Inne i skapet er det utskore figurar. Frå venstre står Maria som himmeldronning med krone og Jesusbarnet. Vidare er det Maria med evangelieboka, og St. Anna mor til Maria, med Jesusbarnet på armen. Heilt til høgre står St. Kristoffer med pilegrimsstav og almissepung. Han har Jesusbarnet på aksla. Både på innsida og utsida av dørene er det mala helgenbilde. Til venstre innvendig er det biletet av apostelen Andreas med Andreas-korset. På høgre sida er det biletet av St. Barbara med lotusblomster. På utsida av skapet er det til venstre St. Appolonia, med ei stor tong i den eine handa og ei bok i den andre. På høgre sida er det eit biletet av St. Georg som drep draken.

Alterskapet har skader og skjemmande reparasjonar som dei ville sjå nærmare på. Dei ville ta alterskapet inn til behandling hos NIKU, utan kostnad for oss. Det er avsett mellom kr. 800.000,- til 1.000.000,- til dette prosjektet.

Fellesrådet handsama dette i sak 4/2020, før det vart klarlagt at alterskapet kunne hentast og fraktast til Oslo. Fellesrådet gjorde positivt vedtak til dette. Både fellesrådet og kyrkjeverja ser positivt på at alterskapet blir restaurert og behandla, og er spente på resultatet når det kjem tilbake.





Måndag 18. mai kom det folk frå NIKU og klargjorde alterskapet for transport til Oslo. Tysdag 19. mai vart det omhyggeleg pakka

i ein kasse og kjørt til Oslo. Det er kome stadfesting på at skapet er kome vel fram.

Det er avsett eit år til arbeidet, og vi vil få det tilbake til Aure kyrkje i løpet av 2021.



Stell av gravstadane i Aure

Når våren kjem og graset startar å vokse, er det alltid travelt på gravplassane. Graset veks like fort over alt, og det er umuleg at det er fint slege på alle plassar med ein gong.


Vi har fire gravplassar på ca. 24 dekar til saman som skal klippast og haldast ved like. Vi har 1,4 årsverk som skal utføre dette arbeidet. Det seier seg sjølv at dette er ei utfordring. I tillegg er det gravferder, og anna bestillingsarbeid som skal utførast av det same personalet. Vi forstår at dei som besøker gravplassane blir frustrerte, men vi gjer så godt vi kan. Ber også om at de kontaktar oss direkte, om det er noko de er misfornøgde med. Da kan vi få gi ei forklaring på kvifor situasjonen er slik den er. Samtidig kan det være ting vi ikkje er oppmerksame på som kan oppklarast ved ein telefon eller e-post.

Det er kommunen som er økonomisk ansvarleg og tildeler oss driftstilskott. Dette er redusert dei siste åra, på lik linje med andre eininger i kommunen. Difor har vi ikkje anledning til å tilsette fleire. Men vi vil leige inn ungdomar frå sommarbua i sommar.


Kan også nemne at i år har Toralf Bakken kome og tilbydd arbeidskraft gratis. Denne flotte dognadinnsatserna har bidrege til at vi no er kome etter når det gjelder grasklipping. Men det står att ein del kantklipping, som vi vil ta så fort vi har anledning til det. Vil også nok ein gong gjere alle merksam på at rundt gravminnet er det på-rørande som har ansvar for å kippe. Vi kipper berre på baksida av gravminnet.

Når det gjelder kompostbingen på Tustna, så vil den bli tømt etter kvart. Det har vært vakanse i ein av stillinga dei tre første månadane i år p.g.a. permisjon, så difor har ikkje vore kapasitet på tilsette. Vi ber samtidig om at det berre blir kasta organisk materiell her, for elles skapar det unødvendig arbeid for dei tilsette. Vi må difor vurdere om vi må fjerne kompostbingane.

Vi jobbar for at gravplassane skal sjå fine og velstelte ut. Dette bidreg også til større trivsel for dei tilsette.



Kyrkjeverja





SJØSIDEN
FRISØR
Bente L.
Kristiansen Istad
Mjosundet
Telefon 479 55 426

H. Aukan
Regnskapskontor AS
Tlf 71 64 40 40 – 6698 Lesund
Økonomisk rådgivning –
Regnskapsføring
Skattespørsmål
VI HJELPER DEG!!

Vi arrangerer

- * Barnedåp
- * Konfirmasjon
- * Bryllaup
- * Bursdager
- * Minnesamvær
- * Catering

AURE
GJESTEGÅRD
Tlf 716 46 238

Bertelsen
begravelsesbyrå as
Døgnvakt tlf.:
72 45 25 37 **VIRKE GRAVFERD**
www.bertelsen-bgr.no

Gravmonumenter
Gratis montering m/garanti

VI utfører også

- Oppussing og navnetifoyeler
- Vask/rengjøring av monument
- Monsliping av stein
- Opprettig av stein/sokkel
- Montering av lykter/duer/vaser/bilder
- Montering av bedammer
- Fjerning av gammel stein
- Benplater i stein
- Spyle av hustak og husvegger

Kontakt:
Bertelsen Stein & Spyrservice
v/Ola Bertelsen - Tlf. 417 70 510

NYHET
VI HAR ÅPNET

NETTBUTIKK!
smolahonning.no
Mata deg penhoneyen til å ta godt
hjem med oss!

**Støtt våre
annonsører –
de støtter oss**

COOP
vikhals
Dagligvarer, bensin, diesel
6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45

DIN LOKALE TUROPERATØR
Arrangør av bussturer innen- og utenlands

- SPA-turer til Estland
- Pensjonistturer
- Skoleturer
- Andre lag og foreninger
- Agent for Hurtigruten


6690 AURE
71 64 66 56 – 917 10 394 www.aure-reiseservice.no

BUNNPRIS
Aure
09 - 22 (20)
Tlf 71 64 62 70

Bt BYGGtorget
BYGGAREHUSET TENNHAUGEN AS

Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen
og Hyttemenyen

Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- vinduer og dører

Gode tilbud på impregnertmaterialer.
Varebringning etter avtale.

Åpningstider:
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,
6699 Kjørvikbugen
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21
E-post: byggarehuset@c2i.net

**Skipnes Mek.
Verksted AS**
6697 Vihals
Tlf 71 64 56 41
Faks 71 64 56 67

Klær Strand
AURE

**Blomster og gaver
i Aure!**


- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!

 Vi leverer alt til
begravelser i
Aure og
Stemshaug.
Frakt kr 50,-

ÅPENT
ma-to 10-17
Fre 10-18
Lør 10-15

Velkommen til Vihals
Flora Idé AS
– Jørjan Ulfnes-Skar –
gartner og dekoratør
Tlf 716 46 500 – 926 81 668



Kirkevalg – Valg av sokneråds- medlemmer for perioden 2019-2023

Hvordan er utfallet av kirkevalg, og hvordan gikk det for seg?

Hvert fjerde år holdes det kirkevalg, samtidig med kommunevalg. 9. september 2019 var det kirkevalg. Da ble kirkens nye rådsmedlemmer valgt inn, og noen ble gjenvalet.

De nye folkevalgte får ansvar for kirken som bygg, som aktivitet, som fellesskap og som grunnleggende enhet bak gravforvaltning. Gravforvaltning er egentlig et kommunalt ansvar, men dette ansvaret er delegert til kirken. Gravforvaltning styres av Fellesrådet, som består av 2 medlemmer fra hvert sokn, sokneprest, 1 representant fra kommunen, og kirkevergen som administrerende saksbehandler.

Gravplassene, derimot, eies av soknene.

Valgprosessen er slik: Valgstyret finner kandidater. Kandidatene blir satt opp på lister. Medlemmer stemmer for dem på valgdagen. De med flest stemmer blir faste medlemmer og de med færrest stemmer blir varamedlemmer. Noen navn skrives inn på stemmeseddel under stemming. De kalles for «slengere» og blir stemt inn på denne måten. Dette opplever jeg som en mektig tillitserklaering. Under kirkevalg 2019 kom det to slengere med hvorav én takket ja til å stå i rådet.

Det å tjene kirken er omtalt i loven som plikt. Det er ikke mange grunner nevnt i loven for at man kan få fritak, kun sykdom, høg alder eller mye omsorg for andre.

Søknad om fritak må behandles av soknet og vedtakføres. Men i praksis har samfunnet egentlig gått mye bort fra plikt og tvang. Rådene forstår at det er lite hjelp i rådsmedlemmar som ikkje vil tjene. Men når dette er sagt, så er det også et privilegium og en glede å få tjene kirken og å få være med å bestemme mye. Det er sosialt, trivelig og meningsfullt å tjene i råd og utvalg.

Under valget 2019 lærte vi alle sammen noe nyttig for neste valg. Det vi lærte var at det er viktig å snakke med hver kandidat før de kommer på valglister. Kun 1 av 3 sokn gjorde dette på en fullstendig måte. Dette soknet som hørte med kandidatene på forhånd fikk langt færre søknader om fritak å behandle i ettertid enn de som ikke snakket fult ut med kandidatene før de kom på valglistene.

Uansett kan det komme behov for endringer i soknerådets medlemmer i løpet av en periode. Det hender at folkevalgte medlemmer søker fritak, av ulike grunner. Dette har skjedd i Tustna menighetsråd, i Aure sokneråd og i Stemshaug sokneråd. Derfor kan det være en ny sammensetning av faste og varamedlemmer med tid. Etter bevilgede søknader om fritak består rådene nå av følgende medlemmer:

Aure sokneråd 2019-2023

faste medlemmer

RAGNHILD ELISE BERGE FINSET
IVAR HUSBY

MARITA TORSET
ARNE MASTAD
KJELL PETTERSEN
MATS LANGTINN
varamedlemmer
MAGNAR LIEN
HELGE AUKAN
ANNE LISE HALTBAAK
KJELL INGE ALVSVÅG

Stemshaug sokneråd 2019-2023

faste medlemmer

ARVE JOHAN GOA
ÅSMUND ALMLI
BRIT NILSEN
ANN-MARI ULFSNES
KÅRE ANDREAS JOHANSSON
EMIL SKAR
varamedlemmer
HANNE MARIT DYRNES
IRENE MÆLE

Tustna menighetsråd 2019-2023

faste medlemmer

INGRID AUKAN
LINDA PATRICIA MÅLEN
ANNE MARIE MOLTUBAKK
GUNNAR BIRGER GULDSTEIN
DAG RUNE MYRMEL
EINAR ØRBOG
varamedlemmer
ESTER KVITLAND INDERGÅRD
BJØRN JOHAN BJØRGEN

VEDLIKEHALDSPLAN - INNKJØP 2020 -2023

Aure

- Stemming av orgel
- Måling av kyrkja
Heile kyrkja vil bli måla av fagpersonell
- Måling innvendig
Alle vegger, golvet mellom benker er veldig slitt. Utførast av eige personell.
- Urnelund
Det er planlagt å få etablert ein urnelund på Aure kyrkjegard

GULLSTEIN

- Stemming av orgel
- El-kontroll og utskifting av el.anlegg
El- kontroll og termografering av sikringsskap mv. Også utskifting av kuhlo-kablar
- Maling av gjerde rundt lagerområde
Rundt lagerområdet ved driftsbygget er det oppsett eit tett gjerde.
- Installerings av brannslange

Gullstein kirke manglar brannslange, dette bør installera i h.h. til brannforskrifter.

- Tildekking av røyromnar i Gullstein kirke
Etter at det vart tatt vekk benker bak i Gullstein kirka, må røyromnar under ei benkerekke til dekkast.
- Rep. Av møne på Gullstein kirke
Blekket på deler av møne er bretta opp. Vi må ha lift til reparasjon.
- Restaurering av driftsbygg ved Gullstein kyrkjegard.
Det er delt av til eit personalrom. Elles skal det monterast hyller, få system i det som er der.
- Innkjøp av ny bioklipper.

STEMSHAUG

- Stemming av orgel
- Nytt påbygg ved hovudinngang
- Nytt påbygg ved hovudinngang på er godkjent men ikkje finansiert.
- Måling kyrkja utvendig
Ved leie av lift, og håpar å få utføre resten av målingsarbeidet i 2020


Måling innvendig

Veggene i koret og benkene i kyrkja må målast. Utføres av eige personell (kvart år framover)

FELLES

- Ny støvsuger
Det er behov for ny støvsugar på Gullstein og Stemshaug. På Aure har vi en berbar støvsugar, dette er veldig praktisk for å støvsuge mellom benker
- Fjerning av gamle gravminne alle kyrkjegardar.
Det er mange gamle og ustelte graver på kyrkjegardane våre. Mange av desse bør slettast, og gravminna fjernast.
Eit arbeid som foregår kvart år.

Kyrkjeverja



Livets gang

Aure kyrkje

Døpte:

21.06. Ask Hjelen Vaag

Vigde:

18.04. Marte Sofie Torsetnes og Roger Steen

Døde:

17.03. Odd Arild Ertvåg f. 1954
14.04. Solveig Kofoed Vik f. 1933
01.05. Marit Ulfsnes f. 1922
22.05. Borgny Krokli f. 1922
31.05. Margot Rise f. 1923
14.06. Kåre Gunnar Engdal f. 1945

Gullstein kirke

Døpte:

15.03. Martin Christopher Knutsen Vassvik (Sør-Tustna kapell)

24.05. Andor Fagermo Golmen (Nordlandet Kyrkje, Kristiansund)

Døde:

17.04. Johanna Sandøy f. 1925
05.05. Isak Henry Stensønes f. 1932
16.05. Else-Marie Ribe Guldsten f. 1938

Stemshaug kyrkje

Døpte:

22.03. Ole Erling Hartveit Åsebø
07.06. Karsten Kjørstad Aarvåg

Døde:

22.04. John Næss f. 1948
08.06. Ruth Halsan f. 1945

Vareminnesider.no – dødsannonser fra heile landet



Gravsted-tjenester



- Stell av graver • Pusser opp skrift i stein, • Gull (22 karat). • Sølv, hvitt og sort lakk.
- Vask av steiner og fundament, Vi fjerner mose og groe • Oppretting av skeivt gravminne.
- Vi selger og nye gravminner, samt inn hugging av nye navn. • Lys, lykter og bronse artikler.

Smøla, Aure, Hitra, Frøya og Heim - Tlf 91568305
gravstedtjenester@gravstedtjenester.no

TA KONTAKT MED JAN FRODE JOHNSEN PÅ 91568305
gravstedtjenester@gravstedtjenester.no



ØYVILT
6694 Foldfjorden
TLF: 915 75 803
Vilt-Fisk-Fiskemat

Ring oss på
481 57 263 / 915 75 803
for en hyggelig prat.

Vi tilbyr catering til alle anledninger
- Dåp
- Konfirmasjon
- Minnesamvær
- Bryllup
- Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon av retter; koldbord, tapas, snitter, varmretter og desserter.

Aure, Stemshaug og Tustna sokn

Adresse: 6690 Aure
post@aurekyrkje.no

Sokneprest:
Per Eilert Orten: 908 94 398

Kyrkjekontoret, Aure

Tlf: 71646251

Kontortid:

Ty-, to-, og fredag
kl 0900-1300

www.aurekyrkje.no

Telefonar:

Kyrkjeverje:

Judith Bjørk: 924 35 280

Organist:

Alexey Kurbanov: 924 30 113

Kyrkjetenar/

Kyrkjegardsarbeidar, Aure

Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835

Kirketjener, Kirkegårdsarbeider Tustna

Roger Steen

468 62 240

Kyrkjelydsarbeidar:

Judy Rangnes 957 01 908

Sekretær/konfirmantlærar

Stig Ottar Jensen
414 77 533

Ansvarleg for trusopplæringa

Stig Ottar Jensen
414 77 533

Sekretær

Marte Sofie Torsetnes
479 75 472

Bladstyre:

Jan Ove Krutvik: 915 21 410

Asbjørn Barlaup: 482 37 889

Einar Ørbog, Miriam Finset Ingvoldsen,

Brit Nilsen, Ann-Mari Ulfsnes,

Anne Marie Moltubakk og

Judith Susanne Bjørk

Menighetsbladet kontonr.
4068.30.04415

Trykk:


Orkla Grafiske AS

Tlf. 72 48 23 20

E-post:

ole-kristian@orklagrafiske.no

www.orklagrafiske.no



Gudstenester

*Med etterhald om endringer
– følg med i aviser og oppslag*

Dag i kyrkjeåret:	AURE	STEMSHAUG	TUSTNA
05. juli			Høgmesse kl. 11.00
12. juli	Høgmesse kl 11.00		
19. juli		Høgmesse kl 11.00	
26.juli	Ingen gt.	Ingen gt.	Ingen gt.
2. august			Høgmesse kl 11.00
9. august	Høgmesse kl 11.00		
16. august		Høgmesse m. nattverd	
23. august	Ingen gt.	Ingen gt.	Ingen gt.
30. august			Høgmesse kl 11.00 konfirmasjon
5. september	Høgmesse kl 11.00 Konfirmasjon		
6. september	Høgmesse kl 11.00 Konfirmasjon		
13. september		Høgmesse kl 11.00 Konfirmasjon	
20. september	Ingen gt.	Ingen gt.	Ingen gt.
27. september	Høgmesse kl 11.00 Presentasjon av konfirm.		
4. oktober	Ingen gt.	Ingen gt.	Ingen gt.
11. oktober			Høgmesse kl 11.00 Presentasjon av konfirm.
18. oktober		Høgmesse kl 11.00 Presentasjon av konfirm.	

Konfirmantar 1970

Vart du konfirmert i 1970 i Gullstein, Aure eller Stemshaug kyrkje?

Feiringa er utsett på grunn av koronaepidemien. Ta kontakt med judy@aurekyrkje.no for å vere med å planlegge. Elles kan du følgje med i neste nummer av dette bladet for informasjon om feiringa, og på kyrkja si facebook-side og nettsida www.aurekyrkje.no.

Judy Rangnes

Returadresse:

Tustna, Aure og
Stemshaug
Menighetsblad
6690 Aure

I føre blad hamna namna til to av dåpsbarna til feil biletet. Vi tar difor med bileta ein gong til.



Andor Fagermo Golmen, døypet i Nordlandet Kyrkje,
Kristiansund 24.05



Krister Sletta, døypet i Aure kyrkje 16.02



Johannes Larssønn Vaag, døypet i Aure kyrkje 16.02